



Amund Grimstad

13. oktober 2019 · 🌐



Eg har vore i Samfundet og sett årets supprevy, eller «Naar vi døde vaagner XII» som er det offisielle namnet. Eg skal halde meg frå å skrive ei teatermelding, det får vere nok med det eg har skrive om Revyen, Barneteateret og Nattframsyninga. Men eg må likevel berre få ut av meg ei oppmoding til dei som framleis lurer på om dei skal skaffe seg billett til ei av dei seks gjenståande framsyningane. Har du eit hjarte for Samfundet, og sett ein eller fleire UKE-revyar, vil du garantert kose deg .

Eg har sett nokre av desse supprevyane på tidlegare UKEr, men denne var nok den beste, - skikkeleg årgangsvin, godt komponert samansetjing og med upåklageleg framføring. Særleg var eg imponert over dei mange, hurtige og både synkrone og saumlause sceneskifta. Det som også slo meg var at sjølv om berre fem av numra var frå revyar eg ikkje har sett, verka fleire av dei likevel nye. I ein vanleg UKE-revy blir det fort så mange nummer at det eine slår det andre i hel, og slik druknar nokre av dei. I denne litt meir upretensiøse settinga med særskilde regi og ingen scenografi eller andre effektar, får tekstgrunlaget stå fram i større grad, og då er det lettare å sjå kor gode dei er.

